

Oppsummering frå kaffimøte 24.09.19:

Ordføraren orienterte om fylgjande:

- Planstrategi 2020-23: Kommunen skal innen eit år vedta planstrategi for denne kommunevalperioden. Dokumentet er ei prioritering av planar (kommuneplan, kommunedelplanar og andre fag/temaplanar) som kommunen vil revidere i løpet av perioden. Prioriteringa skal ta utgangspunkt i utfordringar og utviklingstrekk kommunen vil ha i åra som kjem. Planutvalets utkast til planstrategi blir lagt ut på høyring i løpet av våren neste år.
- Grovsiling av innspel til kommuneplan: Planutvalet skal i neste møte grovsile innspela. Silinga vil ta utgangspunkt i overordna føringar som er vedtatt tidligare.
- Kommunedelplan Gol tettstad: Venter fortsatt på endelig svar frå Statens vegvesen før vi kan sluttbehandle planen.
- UB-avtale W.G. Handel. Utbyggingsavtale med Wilhelm Eidsgaard (ny Intersportforretning) er ferdigforhandla og skal til politisk godkjenning i neste møterunde. Det blir innbetaling til midlar til infrastrukturfondet i sentrum.
- Sentrumskvartalet har signalisert oppstart av byggetrinn 2 (bygge mot sentrumsvegen og rundkøyeringa) venter på søknad om rammeløyve. Trulig oppstart før nyttår.
- Hyttemøte- info om kommuneplan og renovasjonsplass.

Visit Gol orienterte om fylgjande:

- Fårefestivalen: godt besøkt med ca 14 000 publikum, populær kjæring-bæring, ull-drop mm.
- Terrensykling – Masterplan – forhåpentlegvis legge den fram desember/januar
- Jul og julemarked i gang, jobbar med aktivitetar for å få folk i butikkane
- Sumartrafikken, bra sumartrafikk, obs vil jobbe med ny løysing for Gol Stavkyrkje for neste sumar

Ting som kom opp:

- For å styrke Fårefestivalen må økonomien styrkast – både frå næringslivet og kommunen?
- Korleis få til eit arrangement for ungdom mellom 18-20 år under festivalar, kven kan ha det?
- Arrangementplass vil bli aktuelt att mtp byggetrinn 2 for Sentrumskvartalet.
- Aktivitetar i fjellet er svært populært, har me undervurdert topp 11/toppar over 1000 m tilbodet? Bør det vidareutviklast ?

Vel møtt til neste møte – 08.10.19! Same tid, same stad!